



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda University College

## Nyhendebrev nr. 34/2021, 7. oktober

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Kulturen blomstrar, og litt kviss-krig

Rokken, Tredet, Volda Stadion, VCA, Ørsta kulturhus, Jazzklubben, kino, teater - ja det meste har vakna frå korona-dvalen i Volda/Ørsta, [inkludert festivalen Bygdesus](#). Oktober månad er full av kultur- og idrettsarrangement. Både Tredet og Rokken arrangerer kviss! Sjå "Kulturkalenderen" lenger nede i nyhendebrevet.


[LES MEIR](#)



### Hilde kan bli "Årets barnehageinspirator"

[Høgskulelektor Hilde Muren](#), ASH, har vorte nominert i [kåringa "Årets barnehageinspirator"](#), og er i eit finalefelt med fem personar. Kåringa er i regi av Barnehage.no (Private Barnehagers landsforbund). Framlegga kom frå studentar, og [her står grunngevinga for nomineringa av Hilde Muren](#).

[LES MEIR](#)



## Høgskuleområdet k an bli dobbelt så stort

Volda Utvikling AS har planar å bygge nye hus med ei samla grunnflate på ca. 30.000m<sup>2</sup> på eigedomen som Ivar Aasen-huset står på. Dette er like mykje som Høgskulens samla areal i dag. Volda kommune eig Volda Utvikling AS og har overført Aasen-tomta på 22 mål til selskapet. Utbygginga skal skje stegvis i partnerskap med andre aktørar.

[LES MEIR](#)



## Nesbø-film spelt inn på studentheimane

[Lokalavisene melder](#) at filmen "The hanging sun" no vert spela inn fleire stader på Sunnmøre. [Filmen er basert på Jo Nesbø-romanen "Mere blod"](#) og er regissert av [Francesco Carrozzini](#). Tysdag 5.10. var filmfolka på plass på studentheimane på Heltne. Så vil tida vise kva rolle E-blokka på Heltne får i Jo Nesbøs leigemordar-drama.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Studentar usikre på om det er lurt å oppheve firar-kravet for lærarstudentar

Fleire media har meldt at i regjeringsforhandlingane mellom Arbeidarpartiet og Senterpartiet så har det vorte semje om å fjerne kravet til at søkarar på grunnskulelærerutdanning må ha 4 i matematikk frå vidaregåande skule for å vere kvalifisert. [Nærnett har intervjuet dei to lærarstudentane Eli Fridtun Vereide og Simen Rabben Tronstad som er usikre på om dette er eit godt forslag.](#)

### Studiebarometeret 2021: Husk å sette av tid i timeplanen

Den 21. oktober vert årets Studiebarometer sendt ut til andre- og femteårsstudentar på bachelor og mastergrader på HVO. Svarfristen er 14. november. HVO brukar Studiebarometeret i det kontinuerleg studiekvalitetsarbeidet, og difor er høg svarprosent viktig. For å få høg svarprosent anbefaler vi alle bachelor- og mastergrader å setje av 10-15 minutt i undervisinga slik at studentane svarar der. Som tidlegare vil HVO premiere den eller dei klassene som har

høgast svarprosent med ein pizzakveld. Det er også viktig å avklare ein del av omgrepa som studentane får spørsmål om, slik at studentane er bevisst kva dei svarar på. Spørsmåla og tidlegare resultat er å finne på [www.studiebarometeret.no](http://www.studiebarometeret.no). [Meir informasjon om gjennomføringa og tidsplan er her](#).

### **Studentrepresentantar til høgskulestyret: Siste valdag fredag 8.10.**

Det har i alt meldt seg 7 kandidatar som kjempar om å få ein av to studentplassar i høgskulestyret. Det skal også veljast to vararepresentantar. [Her er ein presentasjon av kandidatane](#). Fram til og med 30. september driv kandidatane valkamp, og frå 30. september til 8. oktober er det valperiode. [Les meir om valet på nettsida til valstyret](#).

## Styre og stell og høgskuleområdet:

### **Frå "Kontorsjef" til "Administrasjonssjef"**

Høgskulen har no bytta ut tittelen "kontorsjef" med "administrasjonssjef" som stillingstittel på dei administrative leiarane på dei fire avdelingane. Dei to største avdelingane har hatt kontorsjef medan dei to minste har hatt ein rådgivar som administrativ leiar, men frå no vert altså alle avdelingane leia av ein administrasjonssjef.

### **Kontorvettregel nr 1: Hald kalenderen oppdatert**

Tenk på dine kolleger og hald jobbkalenderen din i Outlook oppdatert. Så er det lettare å finne møtetidspunkt som passar for alle, eller for dine kolleger å få tak i deg når det trengst.

### **Skype er på veg ut - til sommaren er det slutt**

Telefonsystemet til HVO har vore på Skype i fleire år, men har den siste tida diverre plaga med tekniske problem. Sommaren 2022 vil det uansett vere slutt for Skype som fellesløsning i UH-sektoren. Høgskulen i Volda kjem til å gå over til telefon på Teams og held no på å planlegge skiftet.

### **Førstehjelpskurs 28. oktober og 9. desember**

Tilsette på Høgskulen har fått e-post med invitasjon til kurs i førstehjelp med grunnleggande hjarte- og lungeredning og bruk av hjartestartar. Det er plass til inntil 16 deltakarar på dei to kursdagane 28. oktober og 9. desember, og kurset blir halde i arbeidstida.

### **Frist for å tinge undervisningsrom våren 2022 er 15. oktober**

Fristen for å melde inn rombehov for undervisning våren 2022 er 15. oktober. Det er same frist som tidlegare år. Romtingar Tanja Sundal melder at Høgskulen planlegg som i eit koronafritt år, og at undervisningsroma dermed kan ha full kapasitet. Våren 2022 er også tre

undervisningsrom i Sivert Aarflot-huset tilgjengelege for tinging. Hans Strøm-huset er truleg tilgjengeleg ut mars månad sidan ombygging av huset skal starte våren 2022. Ivar Aasen-huset er tilgjengeleg heile vårsemesteret 2022.

## Fag og forskning:

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).

### Høgskulen skal få Volda og Ørsta til å samarbeide

Fagfolk ved Høgskulen i Volda arbeider i lag med leiinga i kommunane Volda og Ørsta for å utvikle det strategiske samarbeidet mellom dei to kommunane. No ligg det føre eit notat med tittelen: «Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn. Nokre perspektiv på strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta». [Notatet er tilgjengeleg på nettsida til Volda kommune](#). Det er Avdeling for samfunnsfag og historie som driv prosjektet. [Professor Finn Ove Båtevik](#) var hovudansvarleg for grunnlagsnotatet. [dosent/dekan Randi Bergem](#) er prosjektleiar, og fleire tilsette ved ASH er involverte i prosjektet. Notatet har også vore [omtala i Møre-Nytt](#). Fram til 2023 vil ASH-forskarane også dekke andre tema på samlingar for dei to kommunane: Folkevalde – roller og ansvar, innbyggarmedverknad, stadidentitet, livsløpsperspektivet og sosial berekraft.

### Forskningsutvalet har møte 7. oktober

Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda har møte torsdag 7. oktober. [Her er sakspapira til møtet](#). På dagsorden står blant anna tildeling av professorstipend i 2021, drøfting av støtte til forskingsgrupper, tildeling av såkornmidlar og revidering av arbeidsvilkåra for stipendiatar ved Høgskulen i Volda.

### Kurs i Nettskjema og lydopptak 22. oktober

Læringsverkstaden inviterer til kurs i bruk av Nettskjema og Nettskjema-diktafon fredag 22. oktober kl. 13–14.30, BK 159 «Vesle Auditorium». [Interesserte melder seg på her](#). Dei 20 første som melder seg på får plass på kurset.

### Spel personvernspølet - vinn middag for to

Oktober er nasjonal tryggleiksmånad for informasjonstryggleik og personvern. Høgskulen oppmodar alle tilsette til å sette seg inn i reglane ved å spele "Personvernspølet", og det er premiar å hente: Ein middag for to på restaurant BRØR i Volda og i tillegg nokre mindre premiar. [Tilsette må logge seg inn via nettsidene for å delta i spelet og konkurransen](#). Førebels

er det flest administrative som har delteke i spelet. 18. oktober blir det kunngjort kven som har vunne premiar i spelet.

### **Stipendiatar: Kan søke om forlenga stipendiatperiode**

Alle stipendiatar ved Høgskulen i Volda har fått tilsendt søknadsskjema som dei må fylle ut om dei vil søke om forlenging av stipendiatperioden om dei har fått forseinking i prosjektet på grunn av korona. Eventuell forlenging vil vere mellom 2 veker og "normalt" inntil 2 månader. Søknadsfristen er 1. november 2021.

### **Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Rettleiing på kvantitativ metode**

Tilsette på Høgskulen får no tilbod om eit nytt kurs i høgskulepedagogikk: Rettleiing på kvantitativ metode. Første kursdag blir fredag 19.november og det blir i alt fire kursdagar - ein dag i månaden fram til februar. Det bør vere 10 deltakarar for at kurset skal bli starta. [Her er lenke til påmelding](#). Påmeldingsfrist er 15. oktober. [Her er meir informasjon om Høgskulens tilbod i høgskulepedagogikk](#).

### **Pris for kvalitet i utdanninga - frist 31.10. for å kome med framlegg**

Prorektor Odd Helge Tonheim har invitert alle tilsette og Studentparlamentet til å kome med framlegg på kandidatar til Pris for kvalitet i utdanninga. Fristen er 31. oktober. [Les meir om statuttar for prisen og tidlegare prisvinnarar på nettsidene våre](#).

## **Publiseringar:**

### **Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

## Ny bok av professor Siv Gamlem: "Vurdering for lærelyst og mestring"

[Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#), AHL, har gjeve ut boka "[Vurdering for lærelyst og mestring](#)" på Fagbokforlaget. Forlaget skriv at i boka blir det presentert åtte tilnæringsmåtar for å bidra til lærelyst i vurderings- og læringsarbeidet.

## Siv Gamlem om djuplæring i "Kognition & Pedagogikk"

[Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#), AHL, har saman med to danske forskarar Micki Sunesen og Preben O. Kirkegaard publisert artikkelen "[Hvad ved vi om deeper learning?](#)" i tidsskriftet Kognition & Pedagogikk.

## Svein Brurås bidreg i Routledge-bok om medieetikk

[Professor Svein Brurås](#), AMF, er ein av bidragsyterane i ei stor artikkelsamling "The Routledge Companion to Journalism Ethics", som nett har kome ut på det kjende forlaget Routledge. Brurås skriv om det norske medieetiske sjølvdømmesystemet, og framhever dette som ei viktig forklaring på at Noreg topper internasjonale rangeringar i pressefridom. Tittelen på artikkelen er "[Masters in their own house. Media self-regulation as a safeguard for press freedom.](#)"

## Nye masteroppgåver frå Høgskulen i Volda

Her er kort omtale av nokre nye masteroppgåver frå Høgskulen Volda i 2021:

### Samfunnsplanlegging:

Beate Dybendal Nordvik: [Samarbeid mellom frivillige sektor og kommune, En kvalitativ studie i fire kommuner av samarbeid mellom frivillige lag og organisasjoner og kommunene](#), masteroppgåve i samfunnsplanlegging

Gro Sæten: [En casestudie av samskaping og iverksetting av bærekraftsmål i kommuneplanens samfunnsdel. Fra implementering av bærekraftsmål i planlegging til iverksetting ved hjelp av samskaping](#), masteroppgåve i samfunnsplanlegging

### Undervisning og læring

Inga Lade Gjørvad: [Fra rødt til gult lys i skolen. Ungdom med autismespekterforstyrrelser i koronatiden](#)

Tiril Høgset: [Ungdomsskoleelevenes perspektiv på egen motivasjon i koronatiden. En kvalitativ studie av elever på 10. trinns erfaringer med egen motivasjon for læring i digital hjemmeskole](#)

Camilla Loe Olsen: [Gården som en alternativ opplæringsarena. En «single casestudy» om å forstå Gården som en alternativ opplæringsarena for en flerspråklig elev med motivasjonsvikt i skolen](#)

Joakim Erik Gustav Olsson: [Demokrati og medborgerskap i matematikkundervisningen. En kunnskapsoversikt](#)

Ann Helen Rekdal Godheim: [En kvalitativ studie om lærerens arbeid med livsmestring for elever med Asperger syndrom](#)

Sunniva Velle Vedeld: [Leseopplæringstekstar og rom for differensiering. Ein studie av leseopplæringstekstar i tre digitale lærebøker for 1.steg](#)

Elisabet Nordbrønd: [Traumebevisst omsorg og livsmestring i skolen. En kvalitativ studie av skolepersonell sine refleksjoner rundt traumebevisst omsorg og livsmestring i skolen](#)

Unni Merethe Nerås Krogsæter: [Samarbeid skule - næringsliv](#)

Marit Helen Stave: [Ansatte i skulen si forståing av mobbing, og deira oppleving av å møte utfordringane i skulekvardagen](#)

### **Master in media practices:**

Simen Langeland: [Adolescents and the Loot Box phenomenon. A study on the most controversial phenomemon in video games](#)

## **Nytt om tilsette - ledige stillingar:**

[Ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Roar Stokken, ASH, har vorte tilsett som professor**

[Førsteamanuensis Roar Stokken](#), ASH, har vorte tilsett som professor i sosialfag - profesjonsforskning. Stillinga er ei kvalifiseringsstilling over tre år.

### **Andre Folkestad, AMF, har fått opprykk til førstelektor**

[Høgskulelektor Andre Folkestad](#), AMF, har fått opprykk til førstelektor i film og fjernsyn.

## Direktøren skal tilsette prosjektleiar

Høgskulen i Volda har lyst ut stilling som prosjektleiar, direkte underlagt [direktør Karen Lomeland Jacobsen](#). Den nye prosjektleiaren vil kunne få ansvar for ulike prosjekt i heile organisasjonen, som til dømes strategiprosessar for styret eller den årlege planprosessen på Høgskulen. Søknadsfrist er 27. oktober 2021. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår](#).

## Kulturkalender:

Kulturkalender for dei komande vekene - idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#)

### Oktober:

- 07.10.2021: [Open mic](#), Rokken
- 08.10.2021: [Johnny Bee](#), Tredet
- 08.10.2021: [Klikkedisko](#), Rokken
- 09.10.2021: [Bernhoft](#), Rokken
- 10.10.2021: [Fotball, kvinner: Volda - Hødd](#), Volda Stadion
- 10.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Melhus](#), Volda Stadion
- 12.10.2021: [Riksteateret: Are Kalvø toppar VG-lista](#), Ørsta kulturhus
- 12.10.2021: [Tysdagskviss](#), Tredet
- 13.10.2021: [Onsdagskviss](#), Rokken
- 13.10.2021: [Bokbad med Jan-Erik Fjell](#), Tredet
- 15.10.2021: [Oslo Ess](#), Rokken
- 16.10.2021: [Oktoberfest](#), Rokken
- 16.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Strindheim](#), Volda Stadion
- 16.10.2021: [Volleyball, kvinner: KFUM Volda - Randaberg](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 16.10.2021: [Konsert med Crashville](#), Ørsta kulturhus
- 17.10.2021: [Handball, kvinner: Volda - Gjerpen Skien](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 19.10.2021: [Strikkekafe](#), Tredet
- 20.10.2021: [Onsdagskviss](#), Rokken
- 21.-23.10.2021: [Bygdesus](#), Rokken
- 22.10.2021: [Alpaca Ensemble](#), Jazzklubben, Tredet
- 22.-23.10.2021: [Klypa: 20 år og like forbanna](#), Ørsta kulturhus
- 23.10.2021: [Volleyball: KFUM Volda - Koll](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 24.10.2021: Volleyball, menn: [Studentspretten \(Sogndal\) - Volda studentidrettslag \(VSI\)](#), Honndalshallen
- 24.10.2021: Volleyball, menn: [Breimsbygda - Volda studentidrettslag \(VSI\)](#), Honndalshallen
- 26.10.2021: [Tysdagskviss](#), Tredet
- 27.10.2021: [Onsdagskviss](#), Rokken



28.10.2021: [Jazzklubben: Isjazz med Dagny Anna](#), Porse  
30.10.2021: Rotevatnet rundt, landevegsløp  
30.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Kolstad](#), Volda Stadion  
30.10.2021: [Handball, menn: Ørsta-Charlottenlund 3](#), Ørstahallen  
31.10.2021: [Handball, kvinner: Volda - Haslum Bærum](#), Volda Campus Sparebank1 Arena

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Hautsemesteret 2021:**

07.10.2021: [Nettverkstreff: Hersketeknikkar](#)  
07.10.2021: [Forskningsutvalet](#)  
18.10.2021: Opplæring i bruk av ARK (Arbeidsmiljøkartlegging) 2021, AMU  
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#), Ålesund  
26.10.2021: Opningsmarkering Sivert Aarflot-huset - avduking av kunstverk  
03.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)  
11.11.2021: [Skrivekurs med Forskning.no](#), HVO  
17.11.2021: [Inspirasjonsseminar for leiarar i helse- og omsorgstenestene](#), NTNU Ålesund  
24.11.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
25.11.2021: [Forskningsutvalet](#)  
09.12.2021: [Styremøte](#)  
15.12.2021: [Utdanningsutvalet](#)

## Faste lenker:

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

[Helsing til - og frå - vinnar av FoU-prisen Roar Amdam \(24.9.2021\)](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)